

## **Varsel om oppstart av planarbeid**

### **Fv. 564 Fløksand - Vikebø**

Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune skal i samarbeid med Meland kommune i gang med å lage ein detaljreguleringsplan for det nemnde prosjektet. Vi ber med dette om innspel til arbeidet.

#### **Beskriving av prosjektet**

Prosjektet er tilknytt Nordhordlandspakken, prosjektnummer 4A på lista over prioriterte prosjekt. Prosjektet omfattar omlegging og utbetring av eksisterande veg og bygging av gang- og sykkelveg over ei om lag fire kilometer lang strekning mellom Fløksand og Vikebø i Meland kommune. På grunn av dårlege grunnforhold over ca. 800 meter i søndre del av prosjektet ved Leiro, vil det bli opna for ny veg aust for eksisterande trasé bakom Eidshaugane. Resten av strekninga vil bli utbetra med gang- og sykkelveg.

Målet for prosjektet er å laga eit separat tilbod til gåande og syklende på strekningen, samt utbetra busshaldeplassar. Vidare skal vegen utbetrast slik at den får ein gjennomgåande standard på strekninga. Uoversiktlege kryss og avkøyrslar skal fjernast eller utbetrast.

Det er gjennomført grunnundersøkingar med tilhøyrande geoteknisk fagrapport, og utarbeida silingsrapport som grunnlag for planarbeidet. Rapportane er lagt ut på <https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/nordhordlandspakken> og på Meland kommune sine nettsider.

Statens vegvesen har i samråd med Meland kommune vurdert at prosjektet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing, etter *Forskrift om konsekvensutredninger §8 og §10, Vedlegg II pkt.10 e) i*.

#### **Framdrift og frist for innspel**

Vi ber om at de sender synspunkt, innspel eller andre relevante opplysningar til oss innan 4. juni. Send det til oss skriftleg anten med vanleg post til Postboks 43, 6861 LEIKANGER, eller med e-post til [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no). Innspel må merkast med plannamn eller saksnummer 16/51017.

Det vert invitert til folkemøte på Meland rådhus 24. mai kl. 1800.

#### **Aktuelt regelverk**

Dette varselet er sendt ut i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8. Planen blir utarbeidd etter §§ 12-3 og 3-7.

#### **Ta gjerne kontakt**

Dersom de har spørsmål om planarbeidet, kan de også kontakte Eivind Kvarekvål på telefon 22073000 eller e-post [eivind.kvarekval@vegvesen.no](mailto:eivind.kvarekval@vegvesen.no).

Med helsing Statens vegvesen region Vest v/prosjektleder Eivind Kvarekvål